

Vår dato:  
27.08.2020

Vår ref:  
2020/6691

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Haugesund kommune  
Postboks 2160  
5504 Haugesund

Kontakt saksbehandlar  
Kristine Enger, 51 56 88 28

## Om komande årsbudsjett og økonomiplanar i kommunane

Fylkesmannen kontrollerer kvart år, på oppdrag frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD), at kommunane sine årsbudsjett og økonomiplanar er vedtekne utan meirforbruk (ROBEK-kontroll). Denne gjennomgangen gir fylkesmannsembetet kjennskap til korleis kommunane planlegg utviklinga i økonomien dei neste fire åra.

I innverande økonomiplanperiode planlegg mange kommunar med svært svake, i fleire tilfelle negative, driftsresultat. Vi veit at den årlege veksten i demografiutgifter kjem til å auke i åra som kjem, noko som vil medføre behov for omstilling av tenesteproduksjonen i fleire kommunar. Samstundes er dei kommunaløkonomiske effektane av koronapandemien og nedgangen i økonomien uvisse, noko som gjer den økonomiske planlegginga i kommunane svært vanskeleg.

Ansvar for ei berekraftig økonomiforvaltning i kommunen, som legg til rette for finansiering av ein stabil og føreseieleg tenesteproduksjon på lang sikt, ligg hos kommunestyret, jf. § 14-1 i kommunelova.

Fylkesmannen ber kommunane vurdere behova og moglegheitene for strukturendringar i tenestene, investeringar i formålsbygg, implementering av nye teknologiske løysingar og andre tiltak nøyte i komande økonomiplanprosess.

Vi ber òg kommunane vurdere om strukturendringar på kommunenivå, det vil seie både forpliktande langsiktige kommunesamarbeid og/eller samanslåing med nærliggande kommunar, kan gi eit betre grunnlag for styring og utvikling av tenesteproduksjon og trygging av den økonomiske handleevna over tid. Fylkesmannen har framleis eit oppdrag frå KMD knytt til endring av kommunestruktur, og vil støtte opp om slike prosessar.

### Formelle krav til årsbudsjett og økonomiplanar

For budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 var det krav om nye obligatoriske oppstillingar etter ny kommunelov og forskrift. Dette blei utfordrande for fleire kommunar, spesielt fordi nødvendige

system og programversjonar var forsinka frå leverandørar. No forstår vi at dei problema skal vere løyst, og alle kommunane kom i mål etter kvart med nye oppstillingar av budsjettet for 2020. Unntaket er oppstilling etter § 5-7 som ingen kommunar løyste fullt ut.

Dette er dei obligatoriske oppstillingane i årsbudsjett og økonomiplanar, jf. kapittel 5 i forskrifta, som med unntak av § 5-6 skal føreligge allereie «for innstillingene til vedtak om økonomiplan og årsbudsjett»:

- § 5-4 Bevilgningsoversikt – drift
- § 5-5 Bevilgningsoversikt – investering
- § 5-6 Økonomisk oversikt etter art – drift
- § 5-7 Oversikt over gjeld og andre vesentlege forpliktingar

Årsbudsjetta og økonomiplanane etter § 14-4 i kommunelova skal «vise utviklingen i kommunens (...) økonomi og utvikling i gjeld og andre vesentlige forpliktelser». Det betyr også å vise utviklinga i dei finansielle måltala. Økonomiplanen kan inngå i eller utgjere handlingsdelen i kommuneplanen etter plan- og bygningslova § 11-1 fjerde ledd. Ei god kopling mellom handlingsdelen i kommuneplanen og økonomiplanen er viktig.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal kommunen sende til Fylkesmannen «snarest mulig og senest 30 dager etter at økonomiplanen og årsbudsjettet er vedtatt», jf. § 5-16 i forskrifta. Oppstillinga etter § 5-6 kan administrasjonen utarbeide etter vedtaket og sende til Fylkesmannen innan 1. mars.

Det er nødvendig at oppstillingane som Fylkesmannen mottar inkluderer dei endringane kommunestyret har vedteke. Det er ikkje tilstrekkeleg å berre sende kommunedirektøren/ rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan. Det er heller ikkje tilstrekkeleg å sende oss ei lenkje til kor vi kan finne dokumenta med oppstillingane på kommunen si heimeside.

Vi minner og om at krava til finansreglementet er endra i ny kommunelov og ny forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning frå 1. januar 2020. Kommunen treng difor å sjekke om finansreglementet må oppdaterast for å vere i tråd med det nye regelverket.

### **Kvalitetskontroll KOSTRA**

God kvalitet på KOSTRA-data er ein føresetnad for at statistikken skal ha nytteverdi for både kommunar som vil samanlikne seg med andre kommunar og KOSTRA-grupper, og for andre brukarar som nyttar tala til ulike analysar. Dei siste åra har KMD hatt spesiell merksemd på data som inngår i nøkkeltala for kommunal eigedomsforvaltning, då dette er eit område med mange feil.

Arbeidet med å sikre god kvalitet på tala bør starte før rekneskapsåret er avslutta. Vi oppmodar kommunane til å vere oppmerksame på kvaliteten av alle tala som skal inn til KOSTRA, med eit spesielt fokus på eigedomsforvaltning.

Vi ber om at kommunestyret/bystyret blir orientert om innhaldet i dette brevet.

Med helsing

Monica Nessa  
avdelingsdirektør

Kristine Enger  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## Adresseliste:

Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne